

Venstre - eit sosialliberalt parti

Venstre set mennesket i sentrum. Vi trur på den myndige borgaren som bryr seg. Vi trur at menneske som vert viste tillit tek ansvar, og at systemet er til for menneska, ikkje omvendt.

Venstre trur på fridom. Vi trur på mennesket sin fridom til å forme sitt eige liv, og på fridom frå fattigdom, naud og urett. Venstre vil utvide einskildmennesket si moglegheit til å ha makta over sitt eige liv – uavhengig av kjønn, livssituasjon og bakgrunn. *Alle skal ha moglegheit til å bruke evnene sine til beste for seg sjølv og samfunnet.*

Venstre trur på sterke fellesskap der folk bur og verkar. Vi meiner fellesskap er eit flott ord, ikkje eit sosialistisk eit. Fellesskapet er avhengig av at individet sin fridom og skapartrang får utvikle seg fritt, utan for mykje hinder frå fellesskapet. Vi trur på lokaldemokrati, ytringsfridom og frivillig arbeid. Grunnlaget for samfunnet vårt må vere trygge heimar. Omsynet til barna må vege tungt i alle samanhengar. Dei som treng hjelp frå samfunnet til å leve et verdig liv, skal få det.

Vi vil verne om klimaet og livsmiljøet og Volda må gå føre i kampen for miljøet. Alle næringspolitiske prioriteringar må ha rein jord, reint vatn og rein luft som føresetnad, og alt planleggingsarbeid må ta grunnleggande omsyn til natur og miljø. Næringsutvikling og miljøomsyn står ikkje i motsetnad til kvarandre, snarare tvert om.

Utfordringane til Volda kommune står i kø. Vi meiner kommunen i komande valperiode er nøydd til å ta grep for å sikre både gode kommunale tenester og ei positiv folketalsutvikling i framtida. Ein aktiv næringspolitikk er naudsynt, og ein må vidareutvikle Volda som ein attraktiv bukommune både i sentrum og på bygdene. Økonomien til kommunen er ei utfordring. Vi meiner likevel at ein må tore å satse offensivt på positive verkemiddel og tiltak for å auke skatteinntektene og sikre ei god utvikling i tida framover.

I valperioden 2011-15 vil Volda Venstre arbeide for:

Ein god og trygg alderdom

Tilbodet om hjelp til eldre vert tilpassa den einskilde sine behov. Eldre som får vanskar med å klare seg sjølv må, så langt det er råd, kunne velje mellom heimebasert omsorg, eldrebustadar i tilknytning til fellestenester, eller institusjon.

Venstre vil:

- legge til rette for at eldre som ønskjer det kan bu heime så lenge som råd. Vi vil mellom anna opprette vaktmeisterteneste for dei som treng hjelp til daglegdagse gjeremål, og styrkje heimetenesta
- satse på kvalitet i eldreomsorga. Mat, pleie, tryggleik og stell, er dei basale behova som må dekkjast. Venstre er oppteken av at dei eldre i tillegg får ta del på konsertar, utstillingar, arrangement og at dei opplever ein mangfaldig og rik kvardag saman med andre om dei ønskjer det
- satse på kvalitet i eldreomsorga på det viset at dei som arbeider i denne tenesta får tilbod om

ulike typar etterutdanning, vidareutdanning, kurs o.l. som gjer at dei heile tida får påfyll i arbeidet sitt

- erstatte eller renovere/byggje nytt Nilletun
- ikkje smørje auka løyvingar jamnt utover, men i samråd med administrasjonen og dei tilsette, gjennomføre målretta utviklingsarbeid, som til dømes 2-årige prosjekt med «Nordsjø-turnus» og auke av grunnbemanninga på utvalde avdelingar. Då vil effekten av tiltak og ressursbruk vere målbar
- at det skal vere samsvar mellom behov for, og tilbod om institusjonsplassar

Ei kvalitetssikra opplæring for born og unge

I Volda Venstre er vi opptekne av at berre det beste er godt nok for borna våre. Vi må sikre *kvalitet i opplæringa* på alle nivå, barnehage, grunnskule, skulefritidsordning og ungdomsskule. Men skal ein sikre kvalitet, må ein satse. Det gjer Volda Venstre.

Venstre vil:

- ha bygging av Nye Øyra skule som sikrar elevane dei aller beste rammene for god undervisning og god trivsel
- arbeide for vidare opprusting av Volda Ungdomsskule
- ha maksimum 15 elevar pr. kontaktlærer
- arbeide for å få maks 20 elevar i ei klasse
- sikre at spesialundervisning alltid blir gjeve av faglærte
- PC-satsing i grunnskulen for elevar og lærarar. Mål om at alle lærarar i Volda kommune får (eigen) berbar PCi løpet av dei neste fire åra. God tilgang på oppdatert dataverktøy for elevar i grunnskulen
- ha gradvis innføring av kompetanseår for etterutdanning av lærarar
- sikre kvalitet i skulefritidsordningane, gjennom tilbod om kursing/skulering av dei tilsette
- sikre kvaliteten i leksehjelpe for å sikre at elevane får best mogeleg nytte av dette, og vurdere kva aldersgruppe som vil ha best nytte av tiltaket
- styrkje helsesystemtenesta og tilsette fleire miljøarbeidarar
- vurdere å sjå løysing med hall ved Øyra-skulen i samanheng med bygginga av ny skule

Noko å leve for – kultur

Vi ønskjer å styrke det samla kulturtilbodet i Volda.

Venstre vil:

- byggje kulturhus alle kan ha glede av, både store og små, eldre og yngre. Eit allsidig fleirbrukshus med bibliotek med ulike aktivitetar, øvingsrom og lokale for kulturskule, musikkgrupper osv og
- teater-, konsert- og kinosal med fleksibilitet til både store og små arrangement innan musikk, kunst, drama, dans, osv.
- sikre at «Maurtua» vert renovert så snart som råd
- at kommunen skal ha eit medvite forhold til viktige signalbygg i kommunen, og vil be

administrasjonen fremje godt utgreidde saker kring bruk, finansiering og ev. kjøp. Kommunen leiger i dag mange bygg til kommunale føremål, som ikkje har desse kvalitetane

- sikre skikkelege forhold for idretten, m.a i form av ny idrettshall
- byggje skatepark
- lage kunstisbane i sentrum av Volda
- vidareutvikle ungdomsklubben
- gi kultursjefen eit kulturbudsjett. Det må setjast av midlar til utdeling til kulturtiltak og frivillige organisasjonar
- utvide tilbodet ved kulturskulen. Dette kan skje i samarbeid med Ørsta, slik at lærarstillingane blir større og meir attraktive
- ruste opp og halde vedlike rekreasjonsareal og leikeplassar i Volda kommune i samarbeid med grendelaga
- realisere gangvegen langsmed heile Rotevatnet, og knyte sentrumskjernen på prosjektet i andre enden av Elvadalen
- legge til rette for å knytte tur- og friluftsområdet på Reset til turvegnettet opp mot Dinglavatn og Klepp/Engeset

Noko å leve av – i Volda

Vi treng meir heilskapstenking i tilhøvet mellom sentrum og bygder i Volda kommune, mellom Ørsta og Volda, og statlege institusjonar og privat næringsliv. Noko vil vi, noko vil vi ikkje. Vi vil **ikkje** innføre eigedomsskatt i Volda.

Venstre vil :

- ha ei arbeidsgruppe som er sett saman av politikarar, næringsdrivande og administrasjonen som tek ein gjennomgang av den kommunale ressursbruken kring næringsetablering og -støtte. Grappa skal få mandat til å peike på aktuelle løysingar for å få ein «ny giv» i næringsetableringa i kommunen og som involverer næringslivet i langt sterkare grad enn i dag
- sikre framdrifta kring etablering og drift av kulturnæringshagen
- gjere informasjon om støtteordningane for nyetablering lett tilgjengeleg og sakshandsamingstida kort
- samarbeide nærare med Ørsta kommune om m.a. næringsutvikling, reiseliv og tiltak for auka tilflytting

Noko å leve av – i sentrum

Sentrum er viktig for alle innbyggjarane i Volda, -som servicesenter, møtestad og identitetsskaping.

Venstre vil:

- støtte opp om satsing på nisjebutikkar i sentrum og koselege serveringsstadar.
- at kommunen evt. i samarbeid med private aktørar tilsett ein sentrumskoordinator med ansvar for fellestiltak for å auke aktiviteten i sentrum
- endre vedtektene til næringsfondet, slik at også handelsnæringa i sentrumkjerna kan nyte godt av støtte i ei eableringsfase

- ha ein eigen plan for sentrumskjernen, som altfor lenge har vore prega av manglande politisk styring, og kan verke planlaust utvikla. Ein slik plan vil vere positiv for alle, også dei handelsdrivande
- ikkje støtte vidare utbygging i Furene, men legge til rette for ei god utnytting av industriarealet på Rotset til handel- og servicefunksjonar
- vere ei drivkraft i utviklinga av eit sentrum med gode sosiale møteplassar, estetiske kvalitetar og trivselsskapande tilbod
- verne om den gamle bygningsmassen i sentrumskjernen og utvikle aktivitetar og næring langs sjøsida
- -arbeide for gjeninnføring av Torget-planane og andre tiltak som kan skape attraktive møtestader i sentrum
- -oppfordre næringssetaten til å ha god kontakt med eigarar av sentrumseigedomar og heile tida vere på utkikk etter utviklingspotensiale og foreslå løysingar.

Noko å leve av – på bygdene

Det må leggjast til rette for at folk kan bu og arbeide på bygdene. Bygdene er ressursar i kommunen og

Venstre vil:

- setje i gang ei registrering av nedlagde småbruk, hus som ikkje er i bruk, og tomter som kan leggjast ut for leige/sal. Dette kan gjennomførast som eit samarbeidsprosjekt gjennom regionrådet
- leggje til rette for byggjefelt og spreidd bustadbygging der det er naturleg, og krevje rask sakshandsaming frå ein person melder interesse til ein kan starte å byggje
- at ferjene mellom Folkestad, Lauvstad og Volda skal ha minst same kapasitet som i dag
- arbeide for å oppretthalde , eller auke aktiviteten i, landbruksrelatert verksemd i Volda
- fremje sak om fleire bygdeutviklingsprosjekt, og støtte tiltak som bygdene kan samle seg om med kommunale midlar
- samarbeide med Ørsta om ein felles ilandføringsstad for Cruise-turistar, med halv- og heildagsturar i regionen
- ny/rullering av kommunedelplan for Austefjorden

Å kome seg til og frå

I vårt område med høge fjell og djupe fjordar, treng vi mange kommunikasjonstilbod for å kunne kome oss til og frå.

Venstre vil:

- ruste opp kommunale vegar og få asfalt på alle vegar
- ruste opp og rassikre fylkesvegen i Dalsfjorden, og få fylkeskommunen til å prioritere strekninga
- få til rask oppstart av Voldatunnelen, om naudsynt med bompengefinansiering
- arbeide for fleire direkteruter mellom Volda/Ørsta lufthamn og Bergen, og få til flytilbod til

Trondheim

- ta initiativ til ein tverrpolitisk kamp for at vegen via Folkestad skal få riksvegstatus
- satse på eit betra tilbod innan kollektivtransport som gir god dekning i byggjefelta, med mindre bussar og auka frekvens
- utruste ferjekaia på Lauvstad for å få til nattferje i eit trekantsamband Lauvstad-Folkestad-Volda

Ein trygg og god plass å bu

Volda og omegn skal vere ein god og trygg plass å bu for alle.

Venstre vil:

- betre trafikktrykkleiken med t.d. fleire og utvida soner for låg fart i bustadområde. Til dømes meiner vi kommunale samleveggar, utan fysisk skilje mellom bilar og gåande, bør få redusert fartsgrense frå 50 km/t til 40 km/t. Bustadområde bør ha 30 km/t-soner
- ha ein ny skiltplan for sentrumsområda
- rydde opp i sentrumstrafikken for å gjere den tryggare og meir brukarvenleg for alle
- ta særleg omsyn til mjuke trafikantar i sentrumsplanlegginga
- byggje fleire gang- og sykkelveggar
- satse på sentrumsnære bustadar for dei med særskilte behov funksjonshemma m.fl.
- byggje bukollektiv for eldre, gjerne med privat medfinansiering
- ha auka fokus på butilhøve og bustadbygging for innbyggjarar med rett til kommunal bustad, og som ikkje har økonomi til å etablere seg på bustadmarknaden
- byggje nye barnehagar etter behov, gjerne i samarbeid med private, men med stort fokus på tryggleik og kvalitet i innhald
- arbeide for at dei i som vil ha BPA (brukarstyrt personleg assistanse) i Volda kommune, skal få det
- ta vare på område som er regulert til friområde i Volda sentrum
- sikre grunnleggande servicetilbod på bygdene, særleg barnehagetilbod, skular og SFO
- rullere trafikktryggingsplanen

Noko å leve for – miljø

Volda må bli ein miljøkommune og gå føre i kampen mot global oppvarming.

Venstre vil:

- styrke VØR (Volda og Ørsta Reinhaldsverk) og arbeide for innføring av fleire resirkuleringsordningar og betre informasjonen om eksisterande ordningar. Det bør også utgreiast om VØR kan bli energiproducent og ta i bruk fjordvarme og bioenergi
- få fart på fjordvarmeprosjektet
- betre kollektivtilbodet gjennom Eiksundsambandet
- følgje opp klimaplanen med handling. Kommunen må tenkje energisparing i gamle og nye bygg, kjøpe miljøvenlege bilar når nye skal kjøpast inn, og nytte miljødrivstoff der det er det beste alternativet
- sjå positivt på etableringa av fleire småkraftverk, som er ei viktig form for produksjon av rein

energi. Småkraftverk må sikrast føreseielege vilkår for levering av kraft, som sikrar produksjonen på lang sikt. Ved vurdering av utbygging må det leggjast avgjerande vekt på å ta vare på biologisk mangfald og verdien av naturopplevingar

- styrke rutetilbodet, og betre informasjonen om lokale bussruter
- arbeide for den mest skånsame linjeføringa av 420 kV-lina, no når trasèvalet er gjort. Omsynet til naturen og menneska skal vege tyngst!

Alle skal med

Volda skal vere tilgjengeleg for alle. Det skal vere openheit i den kommunale forvaltninga og Volda.

Venstre vil:

- at det skal vere enkelt å få informasjon frå kommunen. Vi ønskjer at det vert innført ein møtefri dag for ordførar, etatssjefar og sakshandsamarar på rådhuset, slik at ein kan få tak i den ein treng å snakke med
- auke satsinga på kommunal informasjon på kommunen sine heimesider slik at det skal vere enkelt å finne fram til den informasjonen ein treng og at informasjonen heile tida er oppdatert
- styrke rådgjevingstenesta til nyinnflytta med omsyn til moglegheiter for bustad, servicetilbod, fritidssyslar og arbeid
- styrke integreringsarbeidet for flyktingar og andre innflyttarar i lokalsamfunnet. Særleg meiner vi ordninga med "Flyktingguidar" til Raude Krossen/Frivilligsentralen er viktig, ikkje minst i høve til ungdom. Frivillige organisasjonar som gjer eit viktig integrasjonsarbeid må støttast økonomisk av kommunen
- prioritere å finne arbeidsplassar til flyktingar busett i kommunen